

Seniornett Førde

Styremøte i Seniornett Førde

1.7.2020 kl 11.00

Møtestad: Førdehuse

Følgjande møtte:

Borgny England Slagstad

Odd Skrede

Marloes Vos

Egil Nestande

Monrad Kolstad

Sak 9/2020: Val av møteiar

Vedtak: Odd Skrede leiar dette møtet.

Sak 10/2020: Litt informasjon om flyttinga til Førdehuset

Flytting torsdag 25.juni: Monrad, Marloes, Odd og Borgny med sjåfør

Monrad har teke kontakt med fleire om møtelokale, men private utleigelokale vart for dyre. I kontakt med kommunen vart me lova gratis lokale etter Vaksenopplæringslova.

Me har no fått tilbod om musikkrommet i Førdehuset som har svært god akustikk.

Me kan bruke musikkrommet til kurs og styremøte. Anna bruk må avtalast med Førdehuset.

Det er ikkje avklart med Førdehuset om me kan fortsetje som før med at deltakarane tek med kaffimat på omgang. Kaffi kjøper me frå kafeen.

Videokanona på musikkrommet er av eldre dato, så den vil lydansvarleg på Førdehuset oppgradere.

Seniornett Førde har kjøpt 1 skap i tre og 1 videokanon frå Brunosten.

Monrad meiner vi kan ha 20 deltakarar pr kurs etter koronareglane i musikkrommet.

Sak 11/2020: Oppstart i Seniornett Førde hausten 2020, programskisse

På Digital Festival (v.38) og oppstartsmøtet (i Viking?) må me registrere alle frammøtte med namn og tlf.nr.

På kursa for nybegynnarar må ein leggje vekt på kvardagslege tenester (Søke på Internet, e-post, Nettbank-Mobilbank...) Ein må bruke god tid slik at dei får mykje øving med rettleiar(ar) på kursa.

Ein må også lære å laste ned appar.

Vidarekomne må få innføring i sosiale media (Teams, Skype, Facetime, Zoom...), falske nyhende og ulike tema som 'hører til' opplæringa for vidarekomne.

Dette er også aktuelle tema for fredagsgruppene. Desse gruppene får ikkje eit fast oppsett program, men kan ta opp det deltakarane ønskjer.

Egil har skissert eit opplegg der desse gruppene møtes kvar 14.dag/ein gong kvar mnd.

Sak 12/2020: Digital festival 2020, 17. september 2020. Samarbeid med Førde bibliotek og Frivilligsentralen. Har bestilt Storsalen, gratis.

Borgny representerer styret i Seniornett Førde på møta om Digital festival. Monrad og Egil er også med på møta.

Aktuelle programposter:

- **Falske nyhende (Mediatilsynet) Kristin Ruud, generalsekreær i Seniornett Norge?**
- **Bruk av digitale media Skype, Microsoft Teams, FaceTime, Zoom og andre??? Demonstrere og bruke for eksempel Microsoft Teams**
- **Korona: Kva har skjedd etter koronautbruddet/korleis kjenne seg trygg (digitalt)**
- **Presentere Seniornett Førde**
- **Nye kurslokale for Seniornett Førde**
- **Ny heimeside til Førde bibliotek og ny app.**
- **Andre aktuelle tema frå biblioteket**
- **Tema frå Frivilligsentralen**

- **Aktuelle personar til innlegg:**

Generalsekretær Kristin Ruud, Seniornett N

Kommuneoverlegen

Sunnfjord kommune, Johan Bengtsson og andre

Kursdeltakar

- **Om det blir for mange saker, bør dei to første prioriterast.**
- **Fordeling av utgifter bør avklarast på fellesmøtet.**

Sak 13/2020: Aktuelt frå styremøte i Seniornett N.

- **Monrad orienterte m.a. om økonomien og viste oversikt over aktivitet og tilskot til dei ulike laga.**
- **Seniornett Norge har prøvd å verve nye medlemmer. Dei har hatt annonsekampanje i A-media sine aviser 3 gonger i vår og vil annonsere 3 gonger i haust.**

Sak 14/2020: Eventuelt

- **NB! Avtal pris med A. Hornnes når me skal leige Viking**
- **Me bør ta kontakt med banken om dei kan lage ei demoside for nybegynnarar slik at me slepp bruke eigen ID i undervisninga. Marloes tek kontakt med banken.**

Møtet slutt ca kl.13.30

**Borgny England Slagstad
skrivar**